



22.06.2015

NVE  
Epost: nve@nve.no

Arkivsak: 15/970  
Løpenr.: 15/8519  
Sakshandsamar:  
Steinulf Skjerdal

**Melding om politisk behandling - Søknad om løyve til å byggje fem småkraftverk i Luster kommune - høyring**

Vi viser til dykkar oversending av høyringssaka.

Luster kommunestyre handsama høyringssakene i 2 saker. På grunn av ugildskap var Rydøla kraftverk handsama i eiga sak og dei øvrige kraftverka vart handsama i ei sak.

Det vert med dette gjeve melding om at Kommunestyret har gjort slikt vedtak i møte den 18.06.2015, sak 34/15:

1. *Luster kommunestyre tilrår at det vert innvilga konsesjon for bygging av Kveken kraftverk på dei vilkår som går fram av søknaden.*
2. *Luster kommunestyre tilrår at det vert innvilga konsesjon for bygging av Kinsedal kraftverk på følgjande vilkår:*
  - a. *minstevassføringa om sommaren skal aukast opp til 5-persentilen*
  - b. *det skal gjennomførast støydempende tiltak for å bringa støyen frå turbin og avlaup i samsvar med gjeldande grenseverdier*
  - c. *dei avbøtande tiltaka og utføringa elles skal vera slik det går fram av konsesjonssøknaden.*
3. *Luster kommunestyre tilrår at det vert innvilga konsesjon for bygging av Mordøla kraftverk på følgjande vilkår:*
  - a. *minstevassføringa om vinteren skal setjast lik alminneleg lågvassføring*
  - b. *det skal gjennomførast støydempende tiltak for å bringa støyen frå turbin og avlaup i samsvar med gjeldande grenseverdier*
  - c. *dei avbøtande tiltaka og utføringa elles skal vera slik det går fram av konsesjonssøknaden.*
4. *Luster kommunestyre rår ifrå at det vert gjeve konsesjon for bygging av Åselvi kraftverk.*
5. *For nærare grunngjeving av tilrådinga for kvart einskild kraftverk vert det synt til rådmannen si saksutgreiing.*

**ADRESSE:**  
Rådhuset  
6868 GAUPNE

**TELEFON:**  
Sentralbord:  
57 68 55 00

**TELEFAX**  
57 68 55 01

**E-POST ADRESSE:**  
postmottak@luster.kommune.no

**ORGANISASJONSNR.**  
964 968 241  
**Bankgiro:**  
3785.07.00142

Vidare gjorde kommunestyre følgjande vedtak i sak 47/15:

*«Luster kommunestyre rår til at det vert gjeve konsesjon for bygging av Rydøla Kraftverk som omsøkt, med utviding av sommar minstevassføring frå 15.mai til 15. september.»*

Med helsing

Steinulf Skjerdal  
landbrukssjef

Vedlegg: Saksutgreiing og saksprotokoll frå kommunestyret si handsaming.